



Det er ingen låvedans utan ein låve. Dønhaug er ein av dei største låvedansarenaene på Vestlandet.

**Dansebandet Gunslingers frå Kvam er ein sikker vinnar på låvedansane på Dønhaug. Knappe 400 gjester fann vegen til det som ein av ei største låvedansarenaer på Vestlandet. Til Uskedalen på laurdag kom det danseglade personar frå heile Kvinnherad, men også frå Stord og kommunane i Indre Hardanger. Alderen var alt frå 18 til 80 år.**

Gunslingers er eit populært liveband som har turnert på vegen i 10 år. Fyrst albumet kom rett nok ikkje før i 2016. Gunslingers er kjend for tekstar på nynorsk. Bandet er gode på sceneshow og det er alltid lagt inn mykje allsong i konsertane deira.

400 gjester på Dønhaug er eit høveleg tal. Det unne vore seld nokre billetter til. Magne Huglen har etterkvart utvikla ein velsmurd organisasjon for slike arrangement. Vaktene og barfolka gjer jobben på ein god måte. Eit stort framsteg er det at arrangøren leiger inn vakstselskap. To vakter frå Pro Rec med mynde tek saker som kan vera eit ordensproblem.

På spørsmålet frå Gunslingers til dansegjestene om dei bør koma tilbake til Uskedalen, var svaret eit rungande JA.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Danseglade gjester og stor stemning på Dønhauglåven.